



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

PRESSEMELDING

Voss/Geiranger 28.03.2014

Verdsarvrådet har som si fremste oppgåve å syte for eit godt samarbeid om ei oppfylging av verdsarvstatusen til Vestnorsk fjordlandskap som er i tråd med intensjonen med verdsarvkonvensjonen. Rådet skal fremje og sikre samordning og medverke til naudsynt informasjonsutveksling mellom lokale, regional og nasjonale aktørar i dei to delområda. Rådet har som målsetjing å vere ein viktig arena for drøfting, rådgjeving og avklaring i saker for oppfylging av verdsarvstatusen. Vestnorsk fjordlandskap representert ved Geirangerfjorden- og Nærøyfjorden med omland vart i 2005 innskriven på UNESCO si liste over verdas natur- og kulturarv.

Kloakkutslepp i verdsarvfjordane

Verdsarvrådet har i sitt møte på Voss 27.03.2014 drøfta saka om kloakkutslepp frå ferjer/båtar som opererer fast på verdsarvfjordane Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Saka vart etter sist møte i november meldt inn til fylkesmennene for nærare utgreiing, samt belyst i media siste tida.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap fatta følgjande samrøystes vedtak:

«Kloakkutslepp frå ferjer/båtar som opererer fast på verdsarvfjordane Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er uakseptabelt, særskild ut i frå eit omdømmeperspektiv til verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Leiing og sekretariat ber om eit møte om saka med følgjande partar:

- Miljøverndepartementet og Miljødirektoratet.*
- Fjord 1 og fylkeskommunane (M&R og S&F).*

Verdsarvrådet ber om møte med partane for å søkje å finne konstruktive løysingar i saka. Resultata frå møta vert presentert for Verdsarvrådet i oktober.»

Dette er ei prinsipiell viktig sak for Verdsarvrådet og Vestnorsk fjordlandskap.

Pressekontakt:

Jan Ove Tryggestad, ordførar i Stranda kommune og leiar i Verdsarvrådet, tlf: 464 11 001.

Hans Erik Ringkjøb, ordførar i Voss kommune og nestleiar i Verdsarvrådet, tlf: 971 38 720.



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har følgjande samansetting:

Funksjon:	Repr:
Leiar:	Ordførar Stranda kommune
Nestleiar:	Ordførar Voss kommune
Medlem:	Ordførar Aurland kommune
Medlem:	Ordførar Vik kommune
Medlem:	Ordførar Lærdal kommune
Medlem:	Ordførar Norddal kommune
Medlem:	Møre og Romsdal fylkeskommune
Medlem:	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Medlem:	Hordaland fylkeskommune
Medlem:	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Medlem:	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Medlem:	Fylkesmannen i Hordaland
Observatørar/Andre:	Miljødirektoratet
	Riksantikvaren
	Miljøverndepartementet
	SNO Aurland
	SNO Geiranger
	Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden
	Verneområdeforvaltar Geiranger – Herdalen
	Styreleiar Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP)
	Styreleiar Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV)
Sekretariat G	Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV)
Sekretariat N	Nærøyfjorden Verdsarvpark. (NVP)